

Varslar 4

Omvarsla 2	<i>(ikkje avgjørende vekt)</i>
Vitne 1	
Vitne 2	<i>(ikkje avgjørende vekt)</i>
Vitne 3	
Vitne 4	<i>(ikkje avgjørende vekt)</i>
Vitne 5	<i>(ikkje avgjørende vekt)</i>

Varslar 5 (vitne 3 i varsel frå varslar 4)

Kommentarar til rapport frå midlertidig eksternt varslingssekretariatet

Kommentar frå punkt 4.7.2. (s. 93-96):

Eg vil gjer merksam på at eg i perioden 01.02.2012 til 01.09.2013 var ute i svangerskapspermisjon, og at eg var sjukmeldt 07.05.2014 i om lag 1 år.

Vitne 3 i varslings sak 4 starta som leiar i Sogn barnevern april 2014. Me arbeida såleis saman få verkedagar saman.

Avsnitt 5 på s. 95: «Varslingssekretariatet har etter en bevisvurdering funnet det sannsynliggjort at Omvarset 2 har fremsatt slike uttalelser om varslar 4 sitt utseende og kroppslukt slik det er beskrevet i varselet og utdypet i vitneforklaringene».

Avsnitt 6 på s. 95 «I denne sammenheng har Varslingssekretariatet lagt særlig vekt på forklaringene til vitne 1 og vitne 3».

Eg finn det underleg at varslingssekretariatet utan undring kjem til ein slik konklusjon, då det på s. 178-183 vert tydeleg skildra at vitne 3 i varslings sak 4 og varslar 5 har behandla meg kritikkverdig, og at ho har ein eigen personleg agenda med å svekke omdøme og tilliten min. Vitne 3 i varslings sak 4 og varslar 5 innrømmer å ha stilt krav i høve meg som er så kritikkverdig at ho er villeg til å gje personleg årsaking (s. 128).

Eg vart spurt om eg hadde nokon tankar om motivet til vitne 1 og 3. Eg var tydeleg på at eg ikkje ynskja å gi ei forklaring på dette då dette ville generere nye prosessar mtp kontradiksjon, og ikkje minst behandlingstida ville trekke ytterlegare ut. Eg var tydeleg på at eg ynskja å leggja saka bak med og konsentrere meg om det som er viktig, jobb og familie.

For meg er det underleg at varselet frå varslar 4, der det er klart at varslar 4 sjølv ikkje har opplevd det som det er varsla på, vert sett på som truverdige når korkje eg eller mine vitne bekreftar at så har skjedd. Som eg har sagt tidlegare har eg ikkje opplevd å ha eit slikt forhold til varslar 4 som det her vert omtalt.

Som det framkjem i rapporten blir eg (omvarsla 2) så kritikkverdig behandla av varslar 5 (min tidlegare leiar) og varslar 8 (s. 178-183) at det er med undring eg registrerer at mine utalar i varslings saka (varslings sak 4) ikkje blir vurdert som truverdige. Delta sendte ei eiga bekymringsmelding der dei på vegne av sine medlemmar var bekymra, men poengterte at ein ynskjer å bidra til ro, (s. 179).

Det som eg her har synt til er ein del av motsetningar og konflikt som eksisterte på arbeidsplassen over ei lengre tid, og som er eit heilt naudsynt bakteppe å ha med seg inn i ei

vurdering av den enkelte sitt truverde. Det framstår for meg som ein svakhet i varslingssekretariatet si bevisvurdering at ein ikkje har tatt desse forholda med i vurderinga.

Eg for min del ser fleire av vitna sine utsegn i lys av desse motsetningane/konfliktane.

Med helsing

Sogndal 12.11.2019